



Saksbehandler: Generalsekretæren

Referanser: Sak MKR/AU 07/04

Saksdokumenter:

Rapport frå generalsekr. Olav Fykse Tveit frå reise til Brussel november 2003 (*vedlagt*)

Norsk omsetjing av "Utkast til Grunnlov for Europa" (*vedlagt*)

Europaspørsmål

MKR har sett opp arbeidet med Europa-spørsmål på dagsordenen. I denne omgang handlar det om å ta nye grep i 2004.

Det eine er oppfølging av *arbeidet inn mot KEK*. Generalforsamlinga forpliktar til vidare samarbeide, og vi har ein del ting vi kan ta tak i. I sentralkomiteen har vi no Helen Bjørnøy, og dei hadde fyrste møte i desember. Gerd Marie Ådna er oppnemnt til komiteen for "Relations with Islam", Halvor Nordhaug til "Churches in Dialogue". I tillegg har Church and Society fått forslag om å gjenoppnemne Ingvill Thorson Plesner i sitt Menneskerettsutval, samt Thorbjørn Backer Hjorthaug til eit utval som skal jobbe med EU's lovgjeving. Dette siste blir ikkje avgjort før i april. I forhold til KEK bør vi involvere oss i organisasjons-spørsmål, men også i tematiske spørsmål. Vi har fleire premisser for det no etter generalforsamlinga i Trondheim.

I rapporten frå Helen Bjørnøy ser ein at KEK treng å styrke si arbeidsform, og ei tydeligare fokusering på å vere eit organ for kyrkjene i *Europa*. Det kan vere tid for å vurdere om ikkje KEK bør vere lokalisert ein annan stad enn i Geneve, for å kunne arbeide tydelegare med sin europeiske profil og for å samle kreftene i eitt sekretariat.

I rapporten frå gen.sekr. sin tur til Brussel, går det fram at KEK i Brussel har eit viktig arbeide for å etablere ein struktur i forhold til EU som vi kan engasjere oss i fordi vi som kyrkje må relatere til EU sjølv om Norge ikkje er medlem. Dei politiske spørsmåla kyrkjene vil ta opp med EU, gjeld også til ein viss grad oss. Dessutan er det tydeleg at kontoret i Brussel – og ikkje minst med tanke på samanslåinga med kommisjonen for migrasjon- og innvandringsspørsmål – er eit svært viktig kontaktpunkt for vårt KISP-arbeid.

For det andre har KM sagt at vi skal arbeide med *verdispørsmål i Europa*. Det går fram av rapporten frå Brüsselturen kva slags spørsmål det kan vere. Det kan gjelde diskusjonen om "Grunnlov for Europa" (sic!) og verdigrunnlaget for EU. Det kan gjelde kyrkjene si rolle i det religiøst pluralistiske Europa, det kan gjelde menneskerettsspørsmål, asyl- og migrasjonspolitikk, bistandsspørsmål, helserelaterte spørsmål m.v..

For det tredje er vi vorte kjende med at Norge har presidentvervet i Europarådet dette året frå mai til november. Det gjev eit godt høve til å ta opp noko som fell innanfor Norge sitt engasjement der, t.d. innan MR-feltet eller meir helserelaterte saker (som t.d. retten til lik helsekompetanse, helsetilbod m.m. for minoritetar og fattige land i Europa).

Sekretariatet har vurdert å arrangere eit seminar om verdier i Europa i forlenginga av MKR-møtet i juni, om ettermiddagen den 2. juni og evt. den 3. juni. KR kan delta om vi har det på ettermiddagen den 2. juni, og er interesserte i å leggje det inn i sitt program. Det kan då vere to ulike innfallsvinklar ein tenkjer på: Verdidebatt i Europa som parallell/incitament til vår nasjonale debatt om verdier, og/eller viktige verdispørsmål i Europa i og for seg. Det kan vere viktig å leggje vekt på det siste og la det fyrste vere ein bieffekt, for å få inn problemstillingane skikkeleg.

Til ein verdidebatt kan ein både ta utgangspunkt i debatten om EU-grunnlova, og ein kan ta tak i aktuelle problemstillingar som emigrasjon, religiøse pluralisme, bioteknologi eller andre emne.

For det fjerde skal det *opprettast eit Europautval* med eit mandat. Dei som deltar i KEKs arbeid har i seg sjølv eit behov for å samrå seg, ikkje minst ho som er med i sentralkomiteen. Dessutan kunne ein trekkje inn andre som har oppgåver i europeiske kyrkjelege organisasjonar, så som Porvoo og Leuenberg. Ein bør også sikre at MKR, KISP og TN er godt representerte. To punkt må det i alle fall vere i mandatet for utvalet: Bidra til auke refleksjon og kunnskap i MKR spesielt og Dnk generelt om Europa og Europa-relaterte spørsmål, samt å støtte dei som deltek i europeiske økumeniske organisasjonar. Meir enn eit par møter i året kan ein ikkje leggje opp til, om det er budsjett for det då.

Forslag til vedtak:

1. Mellomkyrkjeleg råd vil styrkje arbeidet vårt mot KEK , og be om at våre representantar der arbeider for ei organisatorisk styrking av KEK og ei re- og samlokalisering av staben.
2. Mellomkyrkjeleg råd vil arbeide med nokre av dei verdispørsmåla Den norske kyrkja og det norske samfunnet står overfor i dagens Europa, og ber sekretariatet arbeide vidare med planane om eit seminar om dette i juni.
3. Mellomkyrkeleg råd oppnemner eit Europa-utval, i fyrste omgang for to år. Dette utvalet skal gje støtte til og koordinere dei som representerer Den norske kyrkja i europeiske økumeniske organisasjonar. Det skal også gje hjelp til ei vurdering av korleis Den norske kyrkja og MKR kan involvere seg i aktuelle Europa-spørsmål. Utvalet rapporterer til generalsekretæren og dermed til MKR. Desse blir oppnemnde til å delta i utvalet: (namn vert lagt fram på møtet).

TIL MELLOMKYRKJELEG RÅD

RAPPORT FRÅ TUR TIL BRÜSSEL 4.-6. NOVEMBER 2003

FRÅ GENERALSEKRETÆR OLAV FYKSE TVEIT

Innhald:

1. Ramme og formål for turen
2. Grunnlovsdebatten
3. Viktig informasjon og inntrykk frå møter med ulike delar av EU-systemet
4. Møter med representantar frå kyrkjelege organisasjonar
5. Oppsummerande vurderingar med tanke på MKR sine oppgaver

Vedlegg: Norsk omsetjing av utkast til "Grunnlov for Europa"

1. Ramme og formål for turen

Turen var planlagt fyrst i mars 2003, etter initiativ og invitasjon frå EU-ambassadøren til Noreg og Island, Dr. Gerhard Sabathil, på vegner av EU-kommisjonen. Fyrst var det planlagt ein tur for biskopane i Den norske kyrkja og den islandske kyrkja, og eg skulle også få vere med som generalsekretær i MKR. Så var det meininga at også repr. Frå andre trussamfunn i Noreg skulle delta.

Ettersom biskopane ikkje fann det riktig å reise då Irak-krigen braut ut, vart turen sett opp att i november. Då var det færre biskopar som kunne, til slutt tre: Finn Wagle, Gunnar Stålsett og Ole Christian M Kvarme, samt sekretæren for Bispemøtet, Knut Erling Johansen. Frå Island deltok biskop Karl Sigurdbjörnsson og prest Kristin Thomasdottir, samt leiaren i den lutherske frikyrkja på Island, Hjörtur Magni Jóhannsson. Vidare var desse med frå ulike institusjonar/organisasjonar i Noreg: leiar og gen.sekr. i Norges kristne råd, Arnfinn Løyning og Ørnulf Steen, Terje Solberg frå Den evangelisk lutherske frikyrkja i Noreg, leiar i Presteforeninga, Ingeborg Midttømme, og underteknande. Ektefellene åt biskopane Wagle, Kvarme og Sigurdbjörnsson deltok også i heile opplegget.

Det var lagt opp til eit tett og intenst program, hovudsakleg møter med representantar frå ulike delar av EU-systemet. Emnene og personane vi skulle møte var valde ut etter kva som vertskapet rekna med var særleg relevant for kyrkjelege leiarar, samt kva som har vore særleg viktige emne i debatten om tilknytninga til EU i Noreg og på Island. Vi fekk også møter med organisasjonar utanom sjølve EU som vi har spesielt mykje med å gjere, EFTA og nokre kyrkjelege organisasjonar. Vi fekk sjølv ordna med eit møte etter at det offisielle programmet var slutt i KEK sine kontor, der representantar frå KEK og APRODEV (felles organisasjon for kyrkjelege bistandsorganisasjonar) deltok.

Vertskapet var opptekne av å gje eit bilete av EU slik det er og fungerer, med innleiarar som hadde høge posisjonar og mykje kunnskap innan sine felt. Særleg møtet med to EU-kommisjonærar hadde mykje innhald, men også møtene med enkelte av dei andre som presenterte sitt arbeid var av stor interesse.

Lunsjar og middagar var vi inviterte til, med desse som vertskap: EU-kommisjonen, Ruhr Gas, EFTA og den norske ambassadøren til EU, Bjørn Grydeland. Særleg middagen i den norske ambassadørbustaden var nyttig og interessant for å forstå korleis Noreg arbeider inn mot EU, EFTA og ESA-domstolen, og for å verte kjende med dei som har desse oppgåvene på vegner av vårt land. Det var også svært nyttig å få sjå kor stort omfang EFTA samarbeidet faktisk har, og kor grunnleggjande det er for norsk eksport.

Ettersom rapporten skal vere ein del av grunnlaget for MKR sin debatt om sitt Europa-engasjement, legg eg vekt på å ikkje berre rapportere, men også vurdere einskilde spørsmål i den samanhengen dei kom opp.

2. Grunnlovsdebatten

2.1 Eit verdibasert prosjekt

Det vart fleire høve til å få informasjon om debatten om forslaget til EU-konstitusjon som var lagt fram. Det var tema særleg i møtet med *Dr Michael Weninger*, spesialrådgjevar for EU-kommisjonens president Prodi når det gjeld relasjonar til religiøse samfunn og religiøse spørsmål. Han er katolikk frå Austerrike, og ein erfaren byråkrat og diplomat innan EU. To sider av grunnlovsdebatten var særleg fokusert: Kva som skal stå i Preambelet om verdigrunnlag og religion, samt innhaldet i art. 51 om relasjonar til kyrkjer og andre trussamfunn i EU. Men konstitusjonsdebatten gjev også vesentlege signal om kvar EU er i utviklinga av si sjølvforståing og politiske struktur. Og det kom ikkje minst *Eckart Guth*, visegeneralsekretær for EU-kommisjonen inn på.

Guth sa at EU-konventet hadde kome fram til meir innhald i konstitusjonsframlegget enn ein hadde forventa. Informasjonen om arbeidet med konstitusjonen gav eit tydeleg inntrykk av at EU er eit politisk prosjekt i endring, som ikkje er ferdig utvikla med tanke på kva nivå og i kva form den politiske styringa skal føregå. Men det er stor vilje til å gå vidare med prosjektet å skape eit felles europeisk politisk område med ein felles økonomisk marknad, der ein byggjer ned spenningar ved hjelp av samhandling, samhandel, samråd basert på samling om ein del felles verdiar. Konstitusjonsdebatten i EU-organa handlar mykje om maktfordeling innan fellesskapet, kva som definerer kvalifisert fleirtal (statar eller talet på innbyggjarar bak?), om det skal vere høve til nasjonale veto m.v.. Og det er vel ikkje minst på grunn av det ein ikkje kom i mål med eit vedtak i 2003.

Grovt sett hadde ein to alternativ til definisjon av EU: Anten ein kon-føderasjon med sjølvstendige statar – som gjev opp litt, men ikkje så mykje av sitt sjølvstendige politiske revir, eller "The United States of Europe". Grunnlovsutkastet har landa på noko i mellom, og bruker berre nemninga "unionen" som skal avspegle både statar og einskildborgarar sin vilje til felles framtid (art. 1). Framlegget går ut på at denne unionen er bindande for statane og for ein del andre juridiske subjekt (inkludert kyrkjene) innanfor denne unionen. *Subsidaritet* er eit uttrykk for at dei regionale folkelege interesser skulle bli teke med i det som gjeld heile unionen.

Men arbeidet med konstitusjonen handlar også om å stadfeste ein felles basis i den kristen-humanistiske tradisjonen med vesentlege fellesverdiar alle medlemsstatar må forplikte seg på. (Sjå art. 2) Med ulike tradisjonar i både gamle og nye medlemsland er det vesentlege utfordringar å realisere denne delen av grunnlova, ikkje minst når det kjem til spørsmål om fridom, menneskerettar, mangfald og toleranse. Dette er det viktig å framheve, slik at ein ikkje ser berre på ordlyden i preambelet når ein tek opp kva verdisyn framlegget til konstitusjon målber.

Guth viste til at den *integrasjonen* av nye statar som no føregår er eit vesentleg uttrykk for dei verdiane EU står for. Her handlar det om å hauste fruktene av at den kalde krigen er over, og at ein kan byggje fellesskap på andre premisser på tvers av gamle skiljelinjer. Her tek dei andre medlemsstatane (og EØS-landa) også store byrder for å byggje opp økonomien i dei nye medlemslanda, sjølv om det også er stilt store og harde krav til desse landa sjølve. Guth spurte korleis Noreg såg på si framtidige rolle med eit utvida arbeidsmarked etter 1. mai 2004.

Tyrkia si framtidige rolle vart drøfta spesielt med Guth. Han viste til at det både er finansielle kriterier og menneskerettskriterier som gjer at Tyrkia ikkje kan bli medlem enno, ikkje religion. Men Guth var samd i at religion, kultur og syn på menneskerettar heng saman, sølv om det er viktig for EU å halde definisjonane av medlemskriterier klare.

Guth tok også opp forsvarsspørsmål, og sa at det nok var mykje rett i deisen at "USA kjempar, FN legitimerer og EU finansierer" NATO sine operasjonar. EU si rolle i eit forandra verdsbilette i den USA-leia krigen mot terror er ikkje avklara, men han sa at ingen tvilar på at EU med sine verdiar er sårbart og må forsvarast også med militære midlar. Like fullt gav han uttrykk for at EU her kan gå litt andre vegar enn USA, utan at ein undergrev NATO.

2.2 Preambelet

Verdien av preambelet, som var debattert livleg på KEK's generalforsamling (jfr rapport til KM 2003) vart noko bagatellisert av Weninger. Han meinte lite hadde vore vunne om Gud eller kristendommen var eksplisitt nemnt, og framførte dermed både ein kritikk av dei som har skrive utkastet til preamblet og vel også eit forsvar for heile grunnlovsprosjektet overfor sterke kyrkjelege aktørar så som den romersk-katolske kyrkja. Når art. 51 talar om trussamfunna sine "spesielle bidrag", kunne det vore sagt meir i preamblet om kva det er. At menneskeverd og menneskerettar er "inspirert av Europas kulturelle, religiøse og humanistiske arv" er eit viktig og lite kontroversielt utsegn i seg sjølv. Kontroversane går på om det skulle vore sagt meir, nettopp for å forankre dette menneskeverdet i ei gudstru som peikar utover det horisontale plan og gjer den uavhengig av ulike politiske aktørar sine definisjonar av menneskeverdet. Problema med at så pass mange i EU ikkje identifiserer seg med ei kristen gudstru, sjølv om ein anerkjenner kyrkjene si historiske rolle, samt at den religiøse pluralismen har gjort det vanskeleg å finne formuleringar som ikkje skaper unødige eksklusjon overfor visse grupper, har gjort at ein er tilbakehalden.

Det er likevel vesentleg å sjå kor djupt denne debatten eigenleg går, og at her krystalliserer eit viktig punkt i heile EU-prosjektet seg: Kva verdiar byggjer dette på? Her er det tale om meir enn definisjon av nokre EU-byråkratar sine oppfatningar. Dette gjeld kva føringar som skal leggjast for utviklinga i heile Europa. Når ein kallar dette ei "Grunnlov for Europa", er det litt freidig av EU. Men uansett vil det som skjer i EU vere så dominerande for det som skjer i dei statane som frivillig eller ufrivillig ikkje er medlemmer av EU, at tittelen uansett er heilt

relevant. Ein norsk debatt om dette vert meir enn indirekte ein debatt om kva som skal skje med omtalen av verdiar i vår eiga Grunnlov.

2.3 Artikkel 51

EU skal, om artikkel 51 vert vedteken, få ein permanent, forpliktande og transparent struktur som relaterer til kyrkjer og "konfesjonslause organisasjonar" i EU. Det er nytt at slike institusjonar får ein definert status i høve til EU, og at det er anerkjent at det er *ulike* samfunn av slikt slag. Weninger hevda at Europa har ein religiøs arv som i hovudsak er "rooted in Christianity", noko det ville vere meningslaust å sjå bort frå om EU skal reflektere europeiske verdiar. Han viste til fire pillarar: Jerusalem, Konstantinopel, Athen og Roma. Han nemnte ikkje Wittenberg eller Geneve, noko som faktisk hadde vore ganske naturleg når ein talar så pass mykje om fridom, enkeltmennesket sin plass, demokratiske styringsorgan m.m.

Det er eit viktig framsteg at ein så viktig del av det sivile samfunn får ei offisiell tilknytning til dette politiske systemet. Samtidig verkar det noko uferdig og uklårt når Weninger nærast gav inntrykk av at det var opp til han å setje opp ein slik struktur. Kor vidt kyrkjene skulle relatere til EU ut frå nasjon eller konfesjon fekk ein ikkje eit heilt klårt bilete av, men hovudintrykket var at det ville gå etter *konfesjon*.

Dette vil få mykje å seie for kva denne relasjonen skal innebere og kven som har sakssvarande strukturar i så måte. Den konfesjonelle tilnærminga gjer at den romersk-katolske kyrkja har ein politisk struktur som svarar til eit slikt grep, då dei både har ein tydeleg politisk struktur som Vatikanstat og ein europeisk bispekonferanse som kan relatere direkte til EU-systemet. Rett nok kunne ein få inntrykk av at desse ikkje alltid representerer eitt og det same syn på alle spørsmål, men skilnaden t.d. til dei protestantiske, anglikanske og ortodokse kyrkjene er markant når det gjeld kor tydelege felles-europeiske strukturar ein har. KEK har vore ein viktig pådrivar for å få fram ein slik §51, og representerer mange i dei tre sistnemnde kyrkjefamiliane.

Like fullt er KEK sitt mandat på vegner av medlemskyrkjene nokså avgrensa, trass alt. Og når det kjem til harde fakta og ein skal ta vare på sterke eigeninteresser, syner det seg at fleire av kyrkjene relaterer direkte til EU. Fleire har fått egne kontor i Brüssel, så som den gresk-ortodokse kyrkja, den russisk-ortodokse kyrkja, EKD, og etter det eg forsto arbeider andre større kyrkjer også med å få til noko slikt. Innan Leuenberg-fellesskapet er det fleire som tek til orde for å kunne markere seg tydelegare overfor europeiske styresmakter i Brüssel. At ein ikkje kan lage strukturar som svarar til alle dei ulike relasjonane mellom stat og kyrkjer som ein har i medlemslanda, kan ein forstå. Berre i UK er det fire ulike system, i Frankrike skal det vere 7 ulike system. Også i Norden er det ulike relasjonar, og ulike system for ulike kyrkjer og trussamfunn. Dette mangfaldet vert respektert i konstitusjonsforslaget. Utfordringa er å finne eit system som lagar eit relevant forhold mellom trus-og livssynsamfunn og EU-systemet som politisk system.

Det er teke initiativ til nokolunde faste kontaktmøter med kyrkjer som er representerte i Brüssel gjennom ein organisasjon som pleier kontakt til sivil sektor (sjå nedanfor). Der vil ein setje opp ein struktur som institusjonaliserer dei kyrkjelege organisasjonane som er representerte i Brüssel. Kven som vil kan organisere seg i Brüssel med eit kontor her, og dei treng ikkje vere kyrkjer i land som er EU-medlemmer (som den russisk-ortodokse kyrkja). Det synest viktigare å arbeide med nettverk enn med einskilte kyrkjer. EU oppfordrar kyrkjene til å finne partnarar, ein vert sterkare og betre informerte på den måten. Dersom det er spesifikke

problem i eit land, kan ein få kontaktar vidare. Det er forholdsvis lett å få kontaktar inn i EU-systemet.

At kyrkjer er spesielt nemnt, medan både muslimske og jødiske samfunn går inn i ein større sekk, har ein klar historisk relevans og er viktig for kyrkjene. Samstundes er det ei utfordring å finne relevant plass for andre typar trussamfunn. EU let det vere opp til medlemsstatane å definere kva trussamfunn som er anerkjent, men har alt vedteke at arbeidstakarar har rett til fri (utan trekk i løn) for å delta i religiøse høgtider.

3. Viktig informasjon og inntrykk frå møter med ulike delar av EU-systemet

Det er ikkje råd å gje eit fullt bilete av alt vi vart informerte om, men noko av det viktigaste skal nemnast:

3.1 Immigrasjonspolitik

Generaldirektøren for "*Justice and Home Affairs*", *Francis Whyte*, gav eit ope og sjølvkritisk bilete av status på EU sitt arbeid med desse spørsmåla. Han meinte at EU som fredsprosjekt var utvikla frå stål- og kolmarknad til eit politisk prosjekt der nettopp rett til sirkulasjon var ein hjørnestein. Men fyrst i 1997 vart dette eit felles politisk beslutningsområde for heile EU. Chatret for fundamentale rettar vert ein del av konstitusjonen, og dette inkluderar sosiale og økonomiske rettar ut over det einskildlanda har no.

EU treng ein asyl- og migrasjonspolitik, som vantar no. Amsterdamtraktaten frå 1997 er balansert på det viset at den seier at EU treng legitim innvandring av kvalifisert arbeidskraft, men viser at EU manglar ein felles asylpolitikk og har svak demokratisk styring på dette no. Illegal innvandring er eit stort problem, ikkje minst for dei som ufriviljug vert dytta inn i EU-land gjennom trafficking. Immigrasjonspolitik fordrar innvandringspolitikk. EU-parlamentet har vore meir viljuge til å gå vidare med dette ein medlemslanda, og EU-kommisjonen talar om ein *rett* til immigrasjon. Men det er ulikt syn i medlemslanda korleis ein asylpolitikk skal utformast og praktiserast.

3.2 Sosial- og arbeidsmarknadspolitik

Mr. Marc Berthiaume synte at EU gjer mykje ut av desse spørsmåla. Ein har sagt at EU-systemet må ha demokratisk dialog på tre ulike nivå samstundes. Politisk, sosial og sivil dialog. Den fyrste finn stad i politiske organ og parti, den sosiale er med og mellom ulike aktørar i arbeidsmarknaden, den sivile dialog er retta mot ulike aktørar i det sivile samfunn. Kyrkjene har sjølv sagt ein viktig plass i den tredje kategorien, men også i den endre – som arbeidsgjevarar. Korleis desse dialogane skal institusjonaliserast og gjennomførast, kven som skal definere premissane osv, er likevel nokså opne spørsmål, jfr det som er sagt ovanfor om art. 51 i konstitusjonsforslaget.

Rett til å ta arbeid i heile unionen er avgjerande for unionen. Sosialpolitikken er like gamal som unionen sjølv. Tre hovudområde 70-90 tallet: Helse og tryggleik på arbeidsplassen. Like rettar for menn og kvinner på arbeidsplassen. Arbeidstakarrettar ved endringar i arbeidslivet. No er det vekt på: a. "The impact of aging". Gjeld meir enn pensjonar, det inkluderer samfunnssyn, korleis vi deler arbeid etc. Sosial bærekraft (dignitet, rolle i samfunnet etc) og finansiell bærekraft er målet for arbeidet med pensjonsreform. Store skilnader mellom

medlemslanda her. Nei til Euro i Sverige er basert på kvinner og pensjonistars (iflg Berthiaume litt ubegrunna) redsel for at dei fell utanfor sosialt vern i EU. Opne metodar for koordinering har medført større employment rate i 55-65 gruppa. b. "Creating more and better jobs." EU har sett klare mål mot arbeidsløysa. Det er samanheng mellom dårleg arbeidsmiljø og tidleg avgang. Brüssel har sett opp krav til fornying av arbeidsliv og arbeidslivsreglar i mange land. Førebyggjande tiltak frå EU har hjelpe merkbart t.d. i Frankrike for å fastsetje minimumsstandardar for midlertid tilsetjing, som elles kan føre til at enno fleire forsvinn ut av jobben tidleg og dermed til økonomisk nedgang.

Thomas Jansen, leiar for *Economic&Social Comittee* (tidlegare hadde han Weningers job med kontakt med kyrkjene og religiøse grupper), informerte om "Towards a European Society". Han leier ein organisasjon som skal ivareta kontakten med heile breidda i det sivile samfunn i Europa. Dette skal i flg artikkel 31.3 ta opp i konsultasjonar med kommisjonen kva slike organisasjonar vil. 2/3 av forslaga vert tekne opp av kommisjonen. Dei er i ferd med å organisere det som heiter "sivil dialog" i den nye EU-demokratistrukturen. Det er mest nasjonale organisasjonar, men eit trans-nasjonalt europeisk perspektiv er i ferd med å utvikle seg. Det får også organisatoriske konsekvensar, fleire organisasjonar. i det sivile samfunn opptrer på europeisk basis. I nokre tilfelle har ein kontakt med tilsvarande organisasjonar i andre verdsdelar.

Dette er ein institusjon som er litt på kanten av den politiske verksemda. Dei prøver å få til konsensus, noko som er svært ambisiøst med tanke på at det er både arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonar som er inne. Jansen meinte det viktigaste er at ein får diskutert viktige spørsmål med kvarandre. Kan møtast på andre punkt enn minste felles multiplum. Dette er ikkje ein lobbyorganisasjon, men ein konsultativ organisasjon. Miljøorganisasjonar og liknande fremjar sine spesielle agender direkte overfor kommisjonen, og får ofte gjennomslag for sitt lobbyarbeid direkte der. .

Partia i EU: Kristelegdemokratane organiserte seg saman alt på 50-talet. 70-talet med direkte val til EU-parlamentet medførte vidare partidanning. Maastricht anerkjente europeiske parti som viktige for det europeiske samfunnet. European Peoples Party (EPP), Socialist Party, Liberal Party, Green Party. Ikkje så sterke som nasjonale parti, men ganske viktige samanslutningar i dag. Partia støyter på ganske interessante og viktige omsetjingsproblem, t.d. "Social Market" betyr svært ulike ting i ulike land. I Frankrike er det dei kooperative organisasjonane, i andre land noko ganske anna. Må fyrst forstå at partnaren ikkje forstår det du seier før du kan gå inn i ein djupare konsensusprosess.

3.3 Møte med Franz Fischler, EU-kommisjonær på jordbruk og fiske (Østerrike)

Han orienterte om ein jordbruksreform som ein arbeider med no: EU treng ein bærekraftig (sustainable) jordbrukssektor: Økonomisk, sosiologisk og økologisk. Då må ein sikre ressursane for framtidige generasjonar, ta vare på kulturlandskapet, og ein treng tilstrekkelege levevilkår for bønder.

Økonomisk: Tilskot til produksjon driv fram overproduksjon med negative konsekvensar for miljø. Endrar no til fokus på bonden, ikkje produktet. Alt no er ½ av bønder i Europa er deltidsbønder. Må finne god kombinasjon. Kombinere aculcture and social activities. Sosiologisk: Utvikling av distrikta er meir enn jordbruk. Må ha livleg økonomi med fleire pillarar. Spesielt utfordrande etter utvidinga av EU, men også i delar av Tyskland. Mecklenburg har 40 % arbeidsløyse. Standard storleik på gardane i visse delar av Østerrike er 6-8 mål. Må difor sjå på landsbygda i eit heilskapleg perspektiv.

Økologisk: Utvidinaga er totalt sett ein vinn-vinn situasjon i det lange løp. Høgkvalitetsprodukt vil få plass i det større markedet. Dei nye landa vil ha styrke i "feeding material".

EU hadde ein større reform av *fiskeripolitikken* i 2002. Det vart lagt større vekt på å ta vare på fiskestammene, ikkje minst i nord. Fleire som er under reell trugsel, som torsk. Betre internasjonalt samarbeid er nødvendig, ein treng ein betre flåtepolitikk. EU-flåten er for stor og må reduserast. Drastiske tiltak er gjennomførte: Flåten i UK er redusert med 1/3. Tilsvarande skjer i Danmark no. Ein kan ikkje lenger auke fiskekapasitetet fordi det er vanskeleg å finne fisken. Canada har gjort det, og har øydelagt torskestammene fullstendig. Det er ei endring i EU sin politikk her. Her støytter ein mot dilemma mellom omsyn til distriktpolitikk og vern av globale økosystem, som ikkje er mindre utfordrande i Noreg enn i EU.

Fischler drøfta EU si rolle i *internasjonal handelspolitikk* etter samanbrotet i Cancun. Han håpte at ein kan starte igjen i løpet av 2003, men kan ikkje bli avslutta så tidleg som planlagt. Treng å få stadfesta at dette er ein runde der utviklingslanda står i fokus. Kan ikkje snakke om U-land generelt, fordi det er så stor skilnad på dei når det gjeld landsbruksprodukt. Stor skilnad på Brasil og fattige afrikanske land. EU gav fri tilgang til 48 fattigste land i verda (minus våpen). Noreg følgde seinar etter. Allereie no slik at EU importerer ca 1/2 av alle landbruksprodukt frå U-land. Det er meir enn USA og andre I-land gjer til saman. Ein må få til eit delt ansvar for import, difor er det ille for U-landa at Cancun vart mislukka.

Marknadsopning for U-land er bra, men krev visse reguleringar. 90-gruppa, verkeleg fattige land, har ikkje nok med marknadstilgang. Dei treng teknisk og anna bistand slik at dei kan gjere produkta mogeleg å selge i andre land. Må kombinere handel og bistand! Godtar ikkje amerikanske analysar: Handel i staden for bistand. Dei største handelsbarrierer er mellom U-land! Å ta vekk handelsbarrierer ville innebere at 75% av effekten vert mellom U-land. India har auka toll med 1000%. Dessutan er transportkostnadane viktige, marknad i nærleiken av produsent er viktigast. Brasil er eit døme på sterke U-land, men Brasil må gje fair share til andre land og opne deira eigne marknader. Ein kan ikkje sjå bort frå miljøproblema her, t.d. regnskognedhogginga. Brasil har 200 mill cattlehaed, EU har 80 mill!

Fischler meinte vidare at dei som hadde interesse i samanbrotet i Cancun kan bidra til forlenging av problema. Det burde skje noko før feb 2004, pga valet i USA, elles snakkar ein om 2007 eller eit totalt samanbrot.

Reformforslag får ofte motstand i bøndene sine organisasjonar. Agenda 2000 vart omtalt som dødslinje. Bønder i Irland sa at Fischer drep irske bønder. Då dei fekk analysert fakta, såg ein at resultatet av reformen ville bli at reformen vart betre for Irland. Resultat: Gjennomføring av reformen i Irland frå fyrste dag.

Fischler var overttydd om at ein treng fleire genmodifiserte alternativ som er sterke mot klimaendringar. Det vil bli viktig også for å utvikle alternativ til oljeenergi. Vi må leve med risiki, noko som krev sikre autoriseringsprosedyrar. EU kan ikkje godta uakseptable risiki for miljø og helse. Men ein må ha klar merking. Toleransenivå må definerast, risikonivå 0 finst ikkje i naturen.

3.4 Møte med Paul Nielson, kommisjonær for Development and Humanitarian Aid

Forholdet mellom landbrukspolitikk i Europa og internasjonalt handlingspolitikk og U-hjelp var også viktige emne i møtet med den danske EU-kommisjonæren Paul Nielson. Han gav inntrykk av å føre en aktiv og målretta bistandspolitikk, langt på veg på linje med den linja den norske bistandsministeren fører.

Med tenke på kva for enorme ressursar EU sitt bistandsprogram rår over, og kva for ulike haldningar som gjer seg gjeldande i både gamle og nye medlemsland til bistand, er det eit beundringsverdig prosjekt å prøve å gjennomføre ein slik politikk i praksis. Det er stor skilnad i bistand, gjennomsnittet er 0.24 av BNP, målet er 0.7. Sverige, Nederland og Noreg er på topp i Europa, Italia er på 0.1, men har auka til 0.2. Her er det gamle kolonimakter, her er meir progressive bistandsmiljø som i Nederland og Danmark, her er land som knapt har bidratt til bistandspolitikk i det heile (Polen, Baltikum). EU-landa står for meir enn 60% av all bistand i verda, 20% av det går gjennom EU-kommisjonens styring, som legg vekt på meir fattigdomsorientert bistand.

EU har mange delegasjonar rundt i verda, som i hovudsak følgjer med bistanden. Likevel er ein underbemanna, og må samarbeid tett med FN (UNDP).

Lette på handelsrestriksjonar er ikkje så viktig i utviklingsarbeidet som ein del vil ha det til, særleg ikkje så lenge U-land ikkje har produkt som kan konkurrere på marknaden i Vesten. Difor er det like viktig å få til regionale frihandelsområder i den tredje verda. EU vil styre støtta til bonden, ikkje produksjonen. Dette er eit bidrag til den internasjonale kampen mot overproduksjon.

Nielson støtta tiltak som NGO har ført fram. Så som rettferdig kaffi m.m. burde ein få fleire døme på. Det gjeld å etablere forutsigbar kvalitet og gode produktnamn. Det er ikkje mogeleg å kompromisse på krav til hygiene etc. Difor må bistand rette seg mot å utvilke kvaliteten på produkta U-land skal selge, ikkje berre mengda.

3.5 Eitisk spørsmål innan bioteknologi og genetik

Vi hadde eit møte med *dr Peter LIESE, MEP, liberal tysk katolikk, medisinar*. Han har vore saksordførar for to viktige saker, og arbeidd for å finne ei felles mening i EU.

1. Forskning på embryoer og stamceller. Her er svært store spenningar i Europaparlamentet om dette. Det er ikkje semje om forskning generelt, t.d. om forskningskapt (supernumbrio embryo) objekt, men ein har eit moratorium ut 2003.

2. Kvaliteten på transplantasjonar av celler og vev. Her er det ei klar mening i EP (men ministerrådet nekt): Det skal ikkje vere betaling for donering, bortsett frå direkte tap av arbeidsforteneste etc. Donoren vil elles ikkje fortelje sanninga om si medisinske historie.

Det mest kontroversielle er klona menneskelege embryo/terapeutisk kloning. Det er ikkje klart at det er terapeutisk gevinst enno, kan heller øydeleggje celler i menneskekroppen.. Kyrkjene har spelt ei svært viktig rolle i Tyskland i denne saka. Klar semje mellom leke, biskopar, protestantar og frikyrkjer. Kyrkjene kan ikkje ha mange stemmer om dei vil påverke offentleg debatt, etter Liese si vurdering.

Tysk lov er ikkje god nok, men av dei betre i verda. Det er ikkje lov å forske på embryo der, ein kan ikkje lage fleire embryo enn ein implanterer. Problem gjeld embryo stamceller, som

ikkje er dekkja av lova. Berre avgrensa forskning er lovleg i Tyskland. Å arbeide med celler er noko anna enn mord på levande menneske. Nasjonal lov kan ikkje overprøvast av EU. Det bør ikkje ha noko betalt av EU som er absolutt forbode i eit medlemsland.

Liese gav inntrykk av eit sterkt og profilert engasjement for sitt saksfelt nasjonalt og i EU-systemet, og viser at det er politiske prosessar i EU som har stor betydning for verdispørsmåla nasjonalt, også ut over EU-landa.

4. Møte med våre kyrkjelege organ, KEK og APRODEV

Desse organisasjonane vil gjerne at vi skal kome hit og kjenne oss heime. Dette er vårt kontor i Brussel.

APRODEV er ein viktig samarbeidsorgan som påverkar EU og andre land. Han driv samarbeid mellom europeiske organisasjonar innan kyrkjeleg bistand. Organiserer lobby og advocacy.

No er det ei stor utfordring i høve til Sentral-Europa: Statar som ikkje er inne i bistand, vert medlemmer av EU. Korleis bygge opp organisasjonar i det sivile samfunn i slike land vert ei viktig oppgåve frametter. Nye EU-land går frå å vere fattige til rike land i andre sine auge.

Har kyrkjeleg bistand "added value" i høve til andre tilsvarande organisasjonar? Ein har

- a. kontakt med kyrkjene, og
- b. utvikling handlar nesten alltid om spørsmål som høyrer heime i ein religiøs eller åndeleg samanheng.

KEK i Brussel arbeider med å utvikle reiskapar for å fremje interessene overfor EU. Vi møtte *Rüdiger Noll* (leiar for Brusselkontoret) og *Peter Pavlovic* (jobbar med kyrkje-samfunn spørsmål i Brussel). KEK vil og må utvikle betre kontaktar med medlemskyrkjene. KEK ser fram til å utvikle dette nye relasjonsmønsteret §51 talar om, og reknar med at ein vil arbeide med det i dei neste 2 åra.

"*Soul for Europe*" var eit initiativ frå tidl president Delors. Måtte vere eit felles-religiøst arbeid som svarar til det pluralistiske Europa. Europa er ikkje berre kristent meir. Både faith- og conviction-organization (dvs humanist-organisasjonar) skulle vere med i "Multinational and Multifaith Projects." Ein ny kommisjon innebar at nesten alle band til eksterne relasjonar vart brotne (1999-2000).

Det var ei viss pessimistisk stemning i KEK-kontoret, og dei hevda at det no er eit vanskilje i kyrkjesamarbeidet i Europa: Ei paneuropeisk stemning dei siste femti åra etter krigen er ikkje så sterk som ho var. Det er mykje mindre økumenisk samarbeid i Brussel no enn det var for 25 år siden. Meir opptekne med "multifaith" arbeid. Ulike grupper er blitt så sterke at dei ikkje treng samarbeide så mykje lenger for å bli høyrte i EU. Men det er no ein må vere truverdig utad. Kontora til KEK, EECC, Ortodokse kyrkjer gjer ting kvar for seg. Ikkje topp prioritet å jobbe med multifaith, det har svak støtte i kyrkjene. Den katolske organisasjonen COMECE seier at kristen opplæring er viktig, men vil ikkje diskutere det med dei andre organisasjonane! Kek seier at det er svak dialog med Weninger, "han berre talar med seg sjølv." Han tek ikkje kontakt med organisasjonen som EU sjølv har teke initiativ til: Soul for Europe. Problemet synest å vere at human-etikarane er med, difor er ikkje Soul for Europe

særleg påakta av Weninger. Dei fører ei svært anti-kyrkjeleg linje, hindrar dialog. Men vi må ha kontakt med dei vidare.

Kanskje EU vil ha litt alibi for at dei har kontakt med det religiøse Europa. Det er viktig at "faith communities" ikkje blir noko utan integritet. Det må vere meir enn ein felles postboks for alle multifaith organisasjonar.

I KEK har ein meir tru på Economy&Society Committee enn kontakten med Weninger. Det har vorte eit klart meir ope landskap for trusbasert arbeid og orgaisasjonar. Det har konsekvensar for organisasjonar i det sivile samfunn, EU er vorte mykje meir ope for det sivile samfunnet. Vi må vere nøkterne og sjå at vi får ikkje spesialposisjon fordi vi er kyrkjer.

Utvidinga av EU er ei stor utfordring til KEK. Det er ulike verdiar og tradisjonar, det er framleis eit kulturelt aust-vest skilje i Europa. Vestlege er meir liberale. Utfordring for kyrkjene, korleis kan vi forstå kvarandre på tvers. Kan Joint Committee CEC/CCEE (den katolske bispekonferansen) spele ei viktigare rolle?

5. Oppsummerande vurderingar med tanke på MKR sine oppgaver

